

KINN KOMMUNE
SKULANE I FLORØ

Sikringskost og melisdryss

Den kulturelle skulesekken i Florø

Versjon 11.mars 2022

[2022-2026]

Innhold

Sikringskost og melisdryss, ei innleiing	2
Oversikt over tilboda i lokal plan for Kinn Kommune, skulane i Florø	3
Økonomiplan 2022 – 2026	4
Spel og digital teknologi	5
Kulturarv	6
Litteraturformidling	10
Musikk	11
Visuell kunst	13
Skulebaserte prosjekt	15
Kulturkontaktar på skulane	16

Sikringskost og melisdryss, ei innleiing

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som sørger for at alle skuleelevar i Norge får oppleve kunst og kultur kvart år. Kunst og kulturopplevingane kan gi elevane nye erfaringar og perspektiv som blir ein del av deira utvikling.

I *Stortingsmelding nr 8, Kulturell skulesekk for framtida*, blir det gjort klart at «Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kunst og kultur i alle delar av samfunnslivet». Vidare står det at «den kulturelle skulesekken skal medverke til at elevar i skulen får oppleve, gjere seg kjende med, og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag».

Den statlege satsinga på kultur for barn og unge, kan delast i tre: kulturskulen, Ungdommens kulturmönstring og den kulturelle skulesekken. For kulturskulane er det opplæringa som er viktig, i Ungdommens kulturmönstring er det aktiviteten, og i den kulturelle skulesekken er det opplevinga som står i sentrum. Profesjonalitet og oppleving er derfor heilt sentrale stikkord i arbeidet med den kulturelle skulesekken.

Den lokale kulturelle skulesekken skal vere ein reiskap for skulane og sikre ei lokal forankring av tilboda, både gjennom den lokale kulturarven og gjennom å søke å nytte seg av lokale ressursar. For å tilpasse tilboda best mogleg til dei lokale ressursane, har vi funne det hensiktsmessig å lage ein plan for skulane i Måløy-regionen og ein plan for skulane i Florø-regionen. Planen bygger på nasjonale og regionale føringer mellom anna gjennom å legge til rette for:

- At elevane i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med, og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Det skal sikrast likeverdige tilbod til alle elevar i Kinn.
- Å medverke til at elevane i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod.
- Å medverke til ei heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Fokus på kreative evner, og kunnskap om vår kulturarv, står sterkt i grunnoplæringa. Dette står også sentralt i den kulturelle skulesekken, der barn og unge får møte skapande kunst, både av historisk art og i ein samtidskontekst.

Mål for den lokale kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken skal sikre oppleving av kulturtilbod for alle elevar i grunnskulen i Kinn

- *Tilboda skal ha høg kvalitet, varierte formidlingsformer og fagleg god forankring.*
- *Alle elevar i grunnskulen skal få minimum eit tilbod gjennom den lokale planen, kvart år.*

Oversikt over tilboda i lokal plan for skulane i Florø

Tilbod	Visuell digital teknologi «Spelifisering»	Kulturarv	Litteratur-formidling	Musikk	Visuell kunst	Skulebaserte prosjekt
Ansvær	Kommunalsjef inntil vidare	Kystmuseet i Sogn og Fjordane Ausevikas venner	Kinn folkebibliotek, arbeidsgruppe frå skulane	Kinn kommunale Kulturskule	Kultur og fritid / Plan og samfunn og Kystmuseet	Avtale med fast plan for fleire år
1		«Potetprosjekt» i overgang barnehage-skule Mat i «gamle dagar»			Kunst i det offentlege rom. Skulpturane og kunsten i Florø. Nytte heftet «Skulptursafari» minst ein gong i løpet av barneskulen.	Veke 10 blir reservert til skuleprosjekt kvart år for barnesteget. Skulane lagar plan for ei rullering. Framlegg: 2023 Torvmyrane 2024 Florø barneskole 2025 Krokane 2026 Brandsøy
2			Introduksjon. til biblioteket			
3		Båtar og leik. Transport sjøvegen 3./4.trinn		Workshop med Kinn kulturskule		
4		Steinalderskule i Ausevika Jul i gamle dagar på Kystmuseet				
5			Forfattar-besøk, knytt til «Kinn les»			
6	«	Sildetida og sildeflekkning				
7	Digital teknologi «Spelifisering»					
8			Forfattar-besøk, fortrinnsvis knytt til «Kinn les»	Produsere musikk digitalt		Ungdomsskulane (ein sum kvart år til lyd og lys)
9		Oljeverksemda i Nordsjøen, «Snorreankeret»				
10		Krigsminne i Storåsen Måløyraid-senteret			Visuell kunst Bjørn Hegranes	

Organisering og kvalitetssikring

Den lokale kulturelle skulesekken er i Florø organisert som eit samarbeid mellom kultur og fritidstenesta og skulenettverket ved utvalde kulturkontaktar. Kultur og fritid har ei koordinerande rolle, og har ansvar for økonomi. Samarbeid med skulane, gjennom skulenettverket, skal sikre gode tilbod til elevane, som er relevante i skulekvardagen og passer inn i skuleåret.

Planen skal vere fleksibel og kunne ta inn nye ressursar i lokalmiljøet. Program for komande skuleår innan dei ulike tiltaka, blir utarbeidd på våren i eit møte med kulturkontaktane. Dette blir nytta til økonomistyring og rapportering.

På kulturforum i september kvart år, blir detaljar i årets program frå regionen presentert for skulane. Dette fokuset på programlegging og tilrettelegging av tiltaka, er ein del av arbeidet med å sikre høg kvalitet og breidde i tilboda til elevane. Detaljane finn skulane på www.skulesekken.no

Kultur og fritid og skulane har eit gjensidig ansvar for å nå måla i denne planen.

Økonomiplan 2022-2026 (Kan bli endringar)

Inntekter;		(sum 2021)	
	Fylkeskommunalt tilskot lokal plan		190 000
	Kommunalt tilskot – båt til Måløy og bruk av Florø kulturhus		
	Total inntekter		190 000
Utgifter;			
	Sogn og Fjordane fylkeskommune (anna budsjett)		
	Rikskonsertane (anna budsjett)		
	Litteraturformidling. Forfattar til 5. og 8. trinn	50 000	
	«Spelifisering» – oppleve og produsere. 7. trinn	40 000	
	Steinalderskule i Ausevika 4.trinn	30 000	
	Kulturarv div opplegg 3., 4., 6., 9. og 10. trinn	12 000	
	Musikk – Kulturskulen 3.trinn		
	Musikk – digital produksjon 10. trinn	4 000	
	Framføring stor scene, lyd og lys barnetrinn	30 000	
	Framføring stor scene, lyd og lys ungdomstrinn	10 000	
	Diverse kulturforum / kurs / medlemsavgift	14 000	
	total utgifter		190 000

For våren 2022 kjem i tillegg 30 000 kr til utvikling av dei nye prosjekta.
(Kulturarv «Båtar og leik» 8 000kr, musikk 10. trinn 8 000kr, musikk 3.trinn 6 000 kr, Hegrane-opplegg 8 000kr)

Spel og digital teknologi. Oppleving og produksjon

Målsetjing

Elevane skal få oppleve spel, film og digital teknologi som kunst, som læremiddel, som kreativ underhaldning og ei stor næring for framtida.

*Frå overordna del av Kunnskapsløftet, kap. 1.4 Skaparglede, engasjement og utforskarkrong
Elevane skal få erfaring med å sjå muligheter og omsette idear til handling. Kulturelle opplevingar har ein eigenverdi, og elevane skal få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk.

*Norsk for 7. trinn

Elevane skal kunne utforske og beskrive samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage eigne samansette tekstar

Om tiltaket

Film formidlar kunnskap om verda og livet, den rører ved kjensler og stimulerer fantasien. Kunnskap om film og digitale spel er med på å fremje verbal- og biletpråket. Elevar møter denne teknologien på ulikt vis i heim og på fritid, her vil alle kunne få eit felles møte med ny visuell teknologi.

I norskfaget er film og bruk av digital teknologi ein del av det utvida tekstromgrepene.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Spel og visuell digital teknologi Teknologi-festival / Gamification «Spelifisering»	Teknoligifestival om spel og bruk av digital teknologi blir arrangert ein fast dag kvart år for 7.trinn. Tiltaket blir gjennomført som eit tverrfagleg prosjekt i klassen, der fokus kan ligge på ulike delar av læreplanen. Det felles tiltaket er ein dag på Florø kulturhus der elevane får smakebitar av det som finst lokalt av ny teknologi. Dei får delta i produksjon gjennom å nytte eigen iPad.	- Pilot for alle på 7.trinn 25.april 2022

Ressursar

Lokale bedrifter og einskildpersonar. Leia av Avent Digital AS ved Alan Madsen. Hjelp frå bl.a. Haptiq ved Chester Laquian

[Kinn kommunale kino](#)

[Film og Kino](#)

[Vestnorsk filmsenter](#)

[Norsk filminstitutt](#)

Kulturarv

Målsetjing

I overordna del av Læreplanverket for 2020, identitet og kulturelt mangfald, står det:

Skulen skal gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Eit kjernelement i samfunnssfag er:

Elevane skal utvikle historiemedvit og handlingskompetanse ved å forstå seg sjølve med ei fortid, notid og framtid.

Elevane skal få kjennskap til den lokale, regionale og nasjonale kulturarven gjennom å få innblikk i kystkulturen før og no, og kunnskap til å kjenne att historiske spor i lokalmiljøet.

Om tiltaket

Læreplanen sin overordna del legg vekt på at utviklinga av identitet skjer gjennom innleving i "nedarva veremåtar, normer og uttrykksformer". Historie i grunnskulen dreier seg om å undersøke og drøfte korleis menneske og samfunn har endra seg gjennom tidene.

Kjerneelement i samfunnssfag som blir arbeidd i desse tiltaka er bl.a.:

Samfunnskritisk tenking og samanhengar

Elevane skal forstå samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold og korleis desse forholda kvar for seg og saman har påverka og påverkar menneske og samfunn. Elevane skal få innsikt i den gjensidige påverknaden mellom natur og samfunn. Dei skal sjå korleis utviklinga i fortida var prega av både brot og kontinuitet og kva som bidrog til endringar, samt utvikle historisk empati.

Undring og utforsking

Elevane skal kunne undre seg over, reflektere omkring og vurdere korleis kunnskap om samfunn før og no blir til. Elevane skal få vere nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande og skapande åleine og saman med andre både i og utanfor klasserommet.

Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i samfunnssfag

Elevane skal forstå korleis geografiske, historiske og notidige forhold har lagt og legg føresetnader for korleis menneska har dekt og dekkjer behova sine, og for korleis dei har fordelt og fordeler ressursar i ulike samfunn. Det inneber å sjå at geografisk mangfold og variasjon dannar rammer for livsgrunnlag og levekår.

Opplegget for 1.trinn, og for barnehagane våren før dei startar på skulen, finst tilgjengeleg for alle barnehagane og skulane i Team Oppvekst Fag for alle, overgang barnhage skule. Barna dyrker poteter på Brendøya og har eit opplegg om mat i gamle dagar.

Kompetansemål som kan knytast til kulturarven vår er mellom anna.

- Utforske kulturminne og korleis menneska levde i den tida kulturminna er frå og samanlikne med korleis vi lever i dag (4. trinn)
- Utforske kjelder og bruke dei til å lage etterlikningar av gjenstandar frå fortida (4.årssteg).
- Bruke handverktøy og samanføyingsteknikkar i tre, leire og tekstil på ein miljømedviten og trygg måte (4. trinn)
- Utforske korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka og påverkar demografi, levekår og busetjingsmønster (7. trinn)
- Samtale om måltidsskikkjar og om sentrale forteljingar frå kristen tru og tradisjon (4. og 7. trinn)
- Lage tradisjonsmat og mat frå ulike kulturar, og bruke naturen som ressurs.(7. trinn).
- Finne døme på hendingar som har vore med på å forme dagens Noreg, og reflektere over korleis samfunnet kunne blitt dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis (10. trinn).
- Presentere viktige utviklingstrekk i norsk historie i første halvdel av 1900-talet, og forklare korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag (10.årssteg).

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Båtar og leik 3.-4. trinn	Elevane får ei innføring i båten si historie frå uthula trestammer til fleirmasta seglskuter. Vi ser på kor viktig båten har vore på kysten. I båthallen blir historia illustrert. Elevaktivitet gjennom konstruksjon av enkle modellbåtar i tre som til slutt blir brukt som brikker i eit spel. Målet med spelet er å forankre historiene dei fekk høyre i båthallen gjennom leik.	Skulane kontaktar Kystmuseet for påmelding. For 3.trinn er det aktuelt i slutten av skuleåret, gjerne i juni. For 4. trinn høver det tidleg i skuleåret, gjerne august. Opplegget varer i om lag 3 timer.
Ausevika 4.trinn	Ein dag på helleristningsfeltet i Ausevik. På «steinalderskulen» går elevane gjennom ei kulturløype med guida omvising. I tillegg innehold kulturløypa desse aktivitetane: <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon om diabasbrotet på Stakaldeneset som var Norges første industrisamfunn. Sliping av diabasøkser. • Flinthogging ved flintsmeden Cilla Angelvik. Elevane får prøve å lage sine eigne verktøy av flint. • Pil- og bogeskyting 	Skulane Synnøve Herstad koordinerer for 4.trinn (3 dagar) om våren. Steinalderskulen er arrangert av elevar ved Steinhovden skule og Eikefjord skule. Bilete og reportasjar frå Steinalderskulen i 2018 og 2019 finn du her: https://www.steinhovdenskule.com/toms-side

	<ul style="list-style-type: none"> Elevane lagar skinnbungar, leirkrukker, smykke eller andre ting på steinaldervis. Steinalderquiz 	
Juleførebuing i «gamle dagar» 4.trinn	<p>Elevane får innføring i korleis førebuingane til jul gjekk føre seg i ein fiskarbondeheim for om lag 150-100 år sidan. På museet vil dei lære om ulike gjeremål som hørde til julestria gjennom lesing, gjenforteljing og skodespel. Gjennom dette vil dei og bli kjende med overtru og skikkar frå førkristen tid til kristen tru og vil både få lukte og smake på noko frå eldre julefeiring.</p> <p>Som avslutning på opplegget vil elevane få delta på ein juleverkstad der dei lagar noko dei kan ta med heim.</p>	<p>Kystmuseet sender invitasjon med aktuelle datoar i november.</p> <p>Desember</p> <p>Skulane tar kontakt med museet for påmelding.</p>
Sildeflekking 6.trinn	<p>Opplegget er forankra i den lange historia og tradisjonen knytt til det rike sildefisket som la grunnlaget for samfunnet i og rundt Kinn-traktene på 1800-talet. Elevane får ei praktisk, deltagande innføring i flekking, salting og tørking av sild. Dei får og lære om sildas biologi, berekraft og økologi i havet.</p> <p>Opplegget er todelt og blir gjennomført i sin heilskap på Bataldebua. Elevane vil og få smake på deler av silda under opplegget. Ein føresetnad for fullt læringsutbytte er ei økt på skulen nokre veker etter opplegget, der elevane får smake på den ferdige silda som kan hentast på museet etter avtale.</p>	<p>Kystmuseet sender ut invitasjon i januar med aktuelle datoar i februar/mars.</p> <p>Skulane tar kontakt med museet for påmelding.</p>
Oljeverksemd i Nordsjøen	Elevane får ei omvising i Snorreankeret som gjev innblikk i liv og virke på ein oljeplattform. Her vil dei få	NB! Snorreankeret er førebels stengd p.g.a. at bruia er stengd.

(Har vore for 9. trinn Skal oppdaterast)	<p>kjennskap til den norske petroleumsverksemda med leiting og produksjon av olje og gass i Nordsjøen, samt Noreg si rolle som eksportør av energi til verda og vegen mot det grøne skiftet.</p> <p>Opplegget har som mål å gi eit nyansert bilde av olja sin posisjon i norsk historie, kor viktig den har vore for det norske velferdssamfunnet og livet ved kysten. Besøket skal gi elevane verktøy til å drøfte og diskutere positive og negative sider ved fossile energikjelder og grunnlag til diskusjon av FNs berekraftmål og det grøne skiftet.</p>	Kystmuseet kjem tilbake til korleis opplegget blir seinare.
Krigsminne Storåsen	<p>Opplegg ligg digitalt på www.kystagentane.no</p> <p>Måløyraidsenteret har eit eige opplegg om 2.verdskriken. Opplegg for førebuing får skulen frå dei.</p>	<p>Skulane kan nytte det digitale opplegget på alle trinn. Slik det ligg er det mest tilpassa ungdomstrinnet.</p> <p>Besøket til Måløy og Måløyraidsenteret ligg inne med midlar til reisa på 10.trinn.</p>

Ressursar

[Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane](#)

www.kystagentane.no

Det finst også eit opplegg for småskulen knytt til Krigsminna i Havrenes. Ta ev kontakt med Janne Kristin Fristad på Brandsøy skule

Vassbruksmiljøet i Terdalen

Svanhild og Atløy

Svanøy Hovudgård

[Kystmuseet i Sogn og Fjordane](#) – For skular eller grupper som ønskjer det, kan Kystmuseet kontaktast om andre tilbod, og om besøk t.d. i båthallen.

Kystmuseet har geiter på beite på Brendøya kvar sommar, og det er mulig å mate dei ved avtale med museet. På Brendøya og i området rundt er det sett opp skilt som viser korleis området vart utnytta i «gamle dagar»

Kystmuseet har også eit opplegg som kan nyttast av 9. trinn i mat&helse. Opplegget gir ei innføring i kosthaldet vårt sett i lys av historia. Skulen må ev. ta kontakt og høyre når det høver.

Litteraturformidling

Målsetjing – henta frå Læreplanverket 2020 og frå mål i DKS

Litterære opplevingar står sentralt i DKS, og kan koplast til norskfaget. Elevane skal få kunnskap om ulike tekstar, sjangre og språkleg mangfald. Norskfaget skal gi elevane litterære opplevingar og mulighet til å uttrykke seg kreativt og skapande. Møta med litteratur i DKS kan gi elevane mulighet til å reflektere over sentrale verdiar og moralske spørsmål, og bevisstgjere dei på eigen språkleg og kulturell identitet. Dette kan knytast til kompetansemål på ulike trinn og prosesjon i fag.

Etter 2. trinn i norsk skal elevane kunne «lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk», og etter 4. trinn, skal elevane kunne «lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekster, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetting frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven». Etter 7. trinn skal eleven kunne «utforske og reflektere over samanhengen mellom språk og identitet», og etter 10. trinn skal elevane kunne «utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller unge sin livssituasjon».

Om tiltaka

I tillegg til tiltaka under, gir Florø folkebibliotek også tilbod om depotlån (kassar med 40-50 bøker tilpassa klassesteget som supplement til skulen si boksamling

«Kinn les» er eit årleg leseprosjekt arrangert av skulane. 1.-7-trinn er med kvart år. 8.-10. trinn er med nokre år.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Introduksjon til biblioteket m/lesestund	Elevane får bli kjend med barnekroken, lære om alderskodar, faktabøker kontra forteljingsbøker, biletbøker og eventyr. Elevane får lånekort. Skulen samarbeider med biblioteket om høgtlesing.	Skulane tar kontakt med biblioteket. Lise Monsen er kontaktperson på Florø folkebibliotek.
Forfattarbesøk	Elevane får møte ein forfattar som kjem på besøk på skulen. Som oftest blir dette knytt til tidspunktet for «Kinn Les».	Kultur og fritid ved bibliotekar Lise Monsen, i samarbeid med ei arbeidsgruppe oppretta av leiinga ved skulane.

Ressursar

Kinn folkebibliotek, Florø

Musikk

WORKSHOP for 3. klasse

Målsetjing

Læreplan for grunnskulen seier at elevane skal få ei fellesoppleveling med utgangspunkt i musikk. Elevane skal utforske eit repertoar av songar og instrument. Dei skal eksperimentere med rytme, melodiar og andre grunnelement.

Rammeplan for kulturskulen seier at dei skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn som ønskjer det. Formålet er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstneriske uttrykk.

Om tiltaket

Utværguppe på 3-4 kulturskulelærarar spelar først ein konsert for elevgruppa. Først ein rein konsert der elevane lyttar. Etter kvart glir konserten over i ein workshop der elevane får utdelt Orff-instrument og tildelt ulike musikalske roller. Elevane blir ein del av den skapande prosessen og får eksperimentert med rytme, melodiar og ulike grunnelement i musikken. Kvar musikar tar med seg ei gruppe elevar og øver på eit element i musikken før det heile blir sett saman. Samhandling mellom elevar og utøvande musikarar gir grunnlag for refleksjon og samtale rundt det å musisere.

Kulturskulen skal også være et lokalt ressursenter og en samarbeidande aktør i grunnoplæringa og kulturlivet i den enkelte kommune. Tiltaket gir grunnlag for samarbeid grunnskule-kulturskule. Det gir også alle elevane på eit trinn høve til å bli kjent med kulturskulen sitt tilbod.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
3.trinn	Workshop med Kinn Kulturskule. Elevane får smakebitar av ulike kulturuttrykk, mest innan musikk, og får prøve seg sjølve.	Kinn kulturskule har ein dags opplegg på tre ulike skular om våren (april-mai). Dei sender ut plan til skulane i god tid.

WORKSHOP for 10.trinn

Målsetjing

Elevane skal få erfaring i bruk av naturlydar både som grunnlag for komposisjonar og at lydlandskapet rundt oss har eigenverdi. Naturlydar brukast i dag i populærmusikk, kunstmusikk og i vitenskapen (bioakustikk). Oftast er det aktivisme innafor naturvern som er grunnen til at naturlydar vert brukt i musikken, men det er også fundert på andre faktorar som ærefrykt, beundring og det å sette pris på det vakre. Støy er til dømes ein samfunnsutfordring som ein kan jobbe med i musikkfaget og på tvers av andre fag. Verkstaden er tufta på tankar om økologi og bærekraft, og korleis ein kan jobbe med desse spørsmåla i musikkfaget. Så langt er prosjektet forankra i overordna del av læreplanen. I tillegg vil desse kompetansemåla i læreplanen for musikk (MUS01-02) være relevante:

- *skape og programmere musikalske forløp ved å eksperimentere med lyd fra ulike kilder*
- *utforske og formidle musikalske opplevelser og erfaringer, og reflektere over bruk av musikalske virkemidler*
- *lytte og prøve ut ulike uttrykk og begrunne valg i skapende prosesser fra idé til ferdig resultat*
- *bruke relevante fagbegreper i skapende arbeid og i refleksjon over prosesser og resultater*

Om tiltaket

Tiltak	Innhald	Gjennomføring
Lytteøving	Elevane kan være med på ein lydvandring i nærlieken. Mål om å lære seg omgrep og å lytte aktivt og sansande. Eventuelt kan denne prosessen gjerast i fellesskap i klasserommet med eksemplar frå vegleiar.	Vegleiar styrer denne prosessen, men innspel frå elevar er viktig.
Lydinnsamling	Elevane får tilgang på opptaksutstyr og gjer opptak i nærmiljøet. Fordel gjerne oppgåver som ein kjem fram til i samarbeid med elevane.	Tilgang på opptaksutstyr som til dømes telefonar, nettbrett og spesialutstyr.
Lydbearbeiding og komposisjon	Komposisjonar kan lagast av dei lydane elevane sjølv gjer opptak av eller dei kan dele på alle opptaka som er gjort i gruppa. Brukar GarageBand på iPad eller andre appar som elevane har på nettbrettet.	Treng kanskje ein database der lydar kan lastast opp slik at alle har tilgang på materialet.

Blir gjennomført i september i løpet av tre dagar der elevane på hele trinnet blir fordele, også elevane frå Eikefjord. Dei får produsere musikk digitalt med naturlydar. Rettleiar er Kjetil Høidal frå avdeling for Kultur og fritid

Visuell kunst – oppleve og produsere

Målsetjing

Gjennom dette tilbodet skal elevane få høve til å utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong, og reflektere og utvikle eit språk i høve visuell kunst. Dei skal få lære å utvikle seg gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktivitetar.

I dette ligg det at dei skal kunne lese, forstå og bruke det visuelle språket gjennom å analysere korleis identitet og stadstilhørigkeit kan kommuniserast gjennom kunst, og gjennom integrering av kulturelle referansar i eige skapande arbeid.

Om tiltaket

Tiltaka skal søke å gi den enkelte elev eit møte med eit kunstverk, design eller arkitektur som stimulerer til oppleving, refleksjon og dialog.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Visuell kunst Skulpturane og gatekunst i Florø	Oppleve ei utstilling, eller formidling tilrettelagt for denne aldersgruppa. Dette konkrete opplegget hentar inspirasjon frå «Skulpturheftet». I heftet blir det lagt opp til at elevane skal utforske og reflektere over kjensler og meiningar som kjem til uttrykk i skulpturane. Det høver å følgje opp med eige arbeid på skulen og ev lage ei utstilling som viser prosess og produkt Sjå vedlegg Skulpturheftet	Barneskulane
Visuell kunst Bjørn Hegrane og «Jotun»	Mål etter 10.trinn: - visualisere form ved hjelp teikning, modellar og digitale verktøy - analysere korleis identitet kan kommuniserast i kunst, og integrere kulturelle referansar i eige skapande arbeid - utforske moglegheiter gjennom praktisk skapande arbeid - bruke verktøy og materiale på ein hensiktmessig og miljøbevisst måte - Møte med den lokale Florø-kunstnaren Bjørn Hegrane og hans kunst - Innføring i ulike teknikkar og stilartar kunstnaren brukte og blei inspirert av - Eit innblikk i eit «levande» kunst-atelier	Ungdomsskulane i samarbeid med Kystmuseet. Skulane er ansvarlege for å sette besøket inn i ein kontekst med før- og etterarbeid. Kystmuseet er ansvarleg for å ta imot elevane i «Jotun» og fortelje om kunstnaren og det «levande» kunstatelieret. Gjennomføring av ein pilot haust 2022. Vidareføring blir evaluert.

Ressursar

Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Florø

[Skulpturheftet](#)

[Nasjonalmuseet](#)

[Sogn og Fjordane kunstmuseum](#)

[Kunstløftet](#)

[Ukenskunstverk.no](#)

[Google art](#)

[www.digitalmuseum.no](#)

Skulebaserte prosjekt

Målsetjing

Elevane skal gjennom dei skulebaserte prosjekta få delta i ei framføring eller presentasjon, der samarbeid med profesjonelle aktørar er med på å auke kvaliteten. Opplevingar med storscene, publikum, lyd, lys og profesjonelle musikarar sikrar eit produkt av høg kvalitet, og bygger fellesskap, mestringeskjensle og identitet.

Grunnjeving:

«*Kulturelle opplevelser har en egenverdi, og elevene skal få oppleve et variert spekter av kulturuttrykk gjennom sin tid i skolen» (Overordna del LK20, Skaperglede, engasjement og utforskertrang.)*

«*Ved å bruke varierte læringsarenaer kan skolen gi elevene praktiske og livsnære erfaringer som fremmer motivasjon og innsikt. Lokalmiljøets og samfunnets engasjement kan bidra positivt til skolens og elevenes utvikling* » (Overordna del, Inkluderende læringsmiljø)

«*Gjennom faget musikk skal elevene utvikle sine estetiske, kreative og skapende evner og få mulighet til å uttrykke seg. Faget skal legge til rette for musikkglede og mestringssfølelse, og elevene skal få erfare at egen stemme betyr noe i fellesskapet*» (Verdigrunnlaget for faget musikk)

«*Eleven skal øve inn og framføre sang og musikk i samspel eller individuelt*». (Kompetanse mål musikk etter 7.trinn)

Om tiltaket

Då innhaldet i tiltaket vil variere frå skule til skule, og år til år, må skulane sjølve finne dei konkrete kompetanse måla som dei ønskjer å sikre gjennom samarbeid med profesjonelle utøvarar.

Presentasjonen som samarbeidet skal munne ut i, kan også definerast breitt ut frå skulen sine eigne prioriteringar.

Dei færraste skulane har eigna lokale til å huse slike løft.

Midlane knytt til tiltaket er frigjering av Florø kulturhus, kinosal og/eller festsal, i veke 10 kvart år, og er dekka for bruk i fire dagar inkludert ein ettermiddag. Dette inkluderer også bruk av kompetanse i å køyre lyd og lys ved Finn Åge Korneliussen sitt firma. Konkret avtale må gjerast av skulen om hausten same skuleår, til både leiar av Kulturhuset og til Finn Åge. Skulane får tildelt kva skuleår dette skal skje, ut frå ein avtalt, rullerande plan. Skular som sjølve har eigna lokale, kan få stønad til lyd og lys.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Skulebaserte prosjekt	Skulane vel sjølve innhald. Det er ein føresetnad for tildeling av midlar, at det blir lagt opp til ei framføring eller presentasjon og at det er eit samarbeid med profesjonelle aktørar.	Skulane

Kulturkontaktar på skulane i Florø 2023 - 2024

Brandsøy skule – Linn Sunnarvik Lapierre linn.lapierre@kinn.kommune.no

Eikefjord skule – Trine Hovland trine.hovland@kinn.kommune.no

Florø barneskole – Venche Byrkjeland venche.byrkjeland@kinn.kommune.no

Florø ungdomsskule – Merethe Anderson merethe.anderson@kinn.kommune.no

Krokane skule – Bjørg Aslaksen bjorg.aslaksen@kinn.kommune.no

Stavang – rektor er kulturkontakt

Torvmyrane skule – Sissel Østrem sissel.ostrem@kinn.kommune.no

Rektor på skulane i Florø 2023 - 2024

Brandsøy skule – Monica Bøhmer monica.bohmer@kinn.kommune.no

Eikefjord skule – Bjørn Wilhelmsen bjorn.wilhelmsen@kinn.kommune.no

Florø barneskole – Heidi Hummelstøl heidi.humlestol@kinn.kommune.no

Florø ungdomsskule – Kari Vårdal kari.vardal@kinn.kommune.no

Krokane skule – Bjørg Aslaksen bjorg.aslaksen@kinn.kommune.no

Stavang skule – Venche Sandvik venche.sandvik@kinn.kommune.no

Torvmyrane skule – Robert Steindal robert.steindal@kinn.kommune.no

